



## MØTEPROTOKOLL

**Utvalg:** Ulstein kommunestyre  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Ulstein rådhus  
**Dato:** 13.03.2014  
**Tid:** 18:00 – 22:15

### Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Jan Berset	Ordfører	H
Tor Meinseth	Medlem	H
Knut Kleiven	Medlem	H
Heidi Strand	Medlem	H
Egil Ulfstein	Medlem	H
Steven P. Karunasamy	Medlem	H
Hans Petter Th. Ulstein	Medlem	H
Ivar Mork	Medlem	AP
Renathe Rossi-Kaldhol	Medlem	AP
Magne Grimstad jr.	Medlem	AP
Marianne Breivik	Medlem	AP
Silja Øvrelid	Medlem	AP
Knut Erik Engh	Varaordfører	FRP
Svein Børre Dimmen	Medlem	FRP
Alf Johan Antonsen	Medlem	FRP
Einar Nevstad	Medlem	FRP
Steinar Torvik	Medlem	KRF
Bjørg Hasund	Medlem	KRF
Kåre Johan Lynge	Medlem	KRF
Pål Grødahl	Medlem	V
Aase Ulla	Medlem	V
Lisa Mari Breivik Anderson	Medlem	SP

### Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Eldar Knotten	MEDL	V
Else Marie Brandal	MEDL	H
Hanne Notøy	MEDL	AP

### Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Jan E. Helseth	Else Marie Brandal	H
Stig Grimstad	Hanne Notøy	AP
Hannelore Måseide	Eldar Knotten	V

**Frå administrasjonen møte:**

Navn	Stilling
Einar Vik Arset	Rådmann
Verner Larsen	Ass. rådmann
Arne Runar Vik	Kommunalsjef teknisk
Marit Botnen	Kommunalsjef helse og omsorg
Rune Urke	Dagleg leiar UEKF
Marianne Hatløy	Politisk sekretær

**Permisjonar/Ugildskap**

Ingen

# SAKLISTE

Saksnr	Tittel
	Spørjetime / open talarstol
PS 14/11	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
PS 14/12	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE
PS 14/13	MELDINGSSAKER
RS 14/8	GRUNNLOVFESTING AV LOKALT SJØLVSTYRE
RS 14/9	MARKERING AV FRIGJERINGS DAGEN
RS 14/10	SSR - SIGNERT MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET I REPRESENTANTSKAPET 7/11-2013
RS 14/11	MELDING OM BRANNVERNET FOR 2013
PS 14/14	FORSKRIFT OM NÆRSKULE OG SKULEKRINSGRENSER FOR GRUNNSKULEN I ULSTEIN KOMMUNE
PS 14/15	FORSKRIFT FOR HANDSAMING AV SØKNAD OM PERMISJON FRÅ DEN PLIKTIGE OPPLÆRINGA
PS 14/16	HASUNDGOT IL - UTBYGGING AV KLUBBHUS - LÅNEGARANTI
PS 14/17	BULYSTPROSJEKTET I HERØY OG ULSTEIN: RAPPORT FRÅ 2013 OG HANDLINGSPLAN FOR 2014
PS 14/18	UTLENDINGSFORVALTNINGA PÅ SØRE SUNNMØRE
PS 14/19	DETALJREGULERING FOR DELAR AV GNR. 34, BNR. 1, 4 OG 6 - NAUSTOMRÅDE I VÅGANE - HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN
PS 14/20	REVISJON AV KOMMUNALE RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV STARTLÅN OG BUSTADTILSKOT.
PS 14/21	RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE (BRANNORDNING) FOR ULSTEIN KOMMUNE - BRANNVERN 2014
PS 14/22	VAL AV UTBYGGINGSOMRÅDE FOR BUSTADTOMTER I DIMNA
PS 14/23	GANGVEG FRÅ STØYLESVINGEN - HØDDVOLLOMRÅDET, FINANSIERING
PS 14/24	AUKA LÅNERAMME INVESTERINGAR VA 2014
PS 14/25	GRUNNLAG FOR AVTALAR MED SMÅBÅTLAGA I KOMMUNEN
PS 14/26	OMSORGSBUSTADAR HOLSEKERDALEN, AUKA RAMME/FINSNIERING
PS 14/27	ØKONOMIREGLEMENT - REVIDERING 2014
PS 14/28	FØRSTELINJETENESTE FOR ETABLERARRETTEIING I ULSTEIN; NY ORDNING FOR HOPPID-KONTOR
PS 14/29	NY AVTALE MELLOM HELSE MØRE OG ROMSDAL, VOLDA SJUKEHUS OG ULSTEIN KOMMUNE - DRIFT AV LEGEVAKTSENTRAL OG NØDNETT HELSE VED HENVENDELSE PÅ NASJONAL LEGEVAKTSNUMMER 116 117
PS 14/30	RESERVASJONSRETT FOR FASTLEGAR VED HENVISNING TIL ABORT- HØYRINGSUTTALE
PS 14/31	ADMINISTRATIV ORGANISERING - JUSTERINGAR 2014
PS 14/32	OPPREISINGSORDNING FOR TIDLEGARE BARNEVERN SBARN

Eventuelt

- Ordføreren overrekte blomster til Aase Ulla for lang teneste som forretningsførande overformyndar.

- Orientering om innbyggjarundersøkinga v/ass. rådmann Verner Larsen. Rapporten vart også sendt til kommunestyret i e-post.

### **Spørjetime/ open talarstol**

Ulstein Venstre v/Aase Ulla :

Ulstein kommune og samarbeid med andre instansar på prosjekt i kommuna.

Då vi har stor lånegjeld, og må styre stramt for ikkje å måtte kutte i viktige oppgåver som til skule og omsorg, er det avgjerande å ha best mogleg kontroll på alle utgifter.

Ulstein Venstre ynskjer ei orientering om rutineane når Ulstein kommune har større prosjekt i samarbeid med andre instansar, tildømes NVE.

Korleis / kven har ansvar for utarbeiding av budsjett og omfang?

Kven fører tilsyn med framdrift og kostnader?

Dersom prosjektet vert utvida / endra underveis er kommunen inne i prosessen, og vert dette lagt fram for politisk godkjenning før meir kostnadane er ein konsekvens av endringane?

Vi ser at arbeidet i Vikelva, som er eit samarbeid med NVE, har drege ut i tid og har hatt overskridingar utover som først var vedteke.

Har prosjektet vorte meir omfattande, tildømes med steinsettingar enn først avtalt?

Kven har teke beslutninga om endring?

Har det vpolitisk bestemt dei omfattande steinsettingane som er gjort?

Kva er kostnaden for Ulstein kommune til no?

Når vert prosjektet avslutta? Er vi kjende med sluttsummen ?

Har vi andre prosjekt pr. i dag som kan ha økonomiske konsekvensar for den stramme økonomien vi har i kommunen?

*Rådmannen orienterte kommunestyret om status og kostnader vedk. Vikeelva/NVE spesielt og om andre prosjekt generelt.*

Ulsteinvik, 13.03.2014.

Jan Berset  
ordfører

Marianne Hatløy  
møtesekretær

Kåre Johan Lyng

Einar Nevstad

## **PS 14/11 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Innkalling og sakliste vart godkjent med merknad.

### **Handsaming:**

Merknad til innkallinga frå Hannelore Måseide om at annonseringa i lokalavvisa er for grå og anonym.

Følgjande saker vart handsama først utan endring i saksnr.:

PS 14/17	BULYSTPROSJEKTET I HERØY OG ULSTEIN: RAPPORT FRÅ 2013 OG HANDLINGSPLAN FOR 2014
PS 14/30	RESERVASJONSRETT FOR FASTLEGAR VED HENVISNING TIL ABORT- HØYRINGSUTTALE

## **PS 14/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Protokollen frå møtet den 06.02.2014 vart godkjent.

## **PS 14/13 MELDINGSSAKER**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Meldingane vart teke til vitande.

### **Handsaming:**

RS 14/8 GRUNNLOVFESTING AV LOKALT SJØLVSTYRE

RS 14/9 MARKERING AV FRIGJERINGS DAGEN

RS 14/10 SSR - SIGNERT MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTET I REPRESENTANTSKAPET 7/11-2013

RS 14/11 MELDING OM BRANNVERNET FOR 2013

## **PS 14/14 FORSKRIFT OM NÆRSKULE OG SKULEKRINSGRENSER FOR GRUNNSKULEN I ULSTEIN KOMMUNE**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Ulstein kommune vedtek lokal forskrift om nærskule og skulekrinsgrenser gjeldande frå og med skuleåret 2014/2015.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/15 FORSKRIFT FOR HANDSAMING AV SØKNAD OM PERMISJON FRÅ DEN PLIKTIGE OPPLÆRINGA**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Ulstein kommune vedtek lokal forskrift for handsaming av søknad om permisjon frå den pliktige opplæringa i grunnskulen gjeldande frå skuleåret 2014/2015.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/16 HASUNDGOT IL - UTBYGGING AV KLUBBHUS - LÅNEGARANTI**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

1. Ulstein kommune stiller selvskyldnerkausjon for lån som Hasundgot IL tek opp til utbygging av klubbhus på Hasundgot stadion og refinansiering av idrettslaget sitt lån på kunstgrasbana.
2. Garantien gjeld for lånet sin hovudstol på maksimalt kr 3 700 000 med tillegg av 10 % til dekning av påløpte renter og omkostningar. Makismalt garantibeløp vert med det kr 4 070 000. Tillegget på 10 % skal, gjennom lånet sin løpetid, reknast ut frå attståande lån (hovudstol).
3. Garantibeløpet vert redusert i takt med nedbetaling av lånet og vert avslutta etter 26 år med tillegg av inntil 2 år, totalt 28 år.
4. Kommunal garanti gitt til lån til kunstgrasbane på Hasundgot i kommunestyremøte 17.12. 2009 i sak 120/09, pålydande maksimalt kr 1 540 000 vert avslutta straks ny garanti er etablert.
5. Ulstein kommune tek pant i bygget for lånet på kr 3 700 000.
6. Ulstein kommune forskotterer spelemidlar til prosjektet med inntil kr 1,2 mill. Beløpet vert utbetalt når prosjektet er ferdigstilt.
7. Til finansiering av forskottering av spelemidlar kan Ulstein kommune ta opp eit lån på kr 1,2 mill. Lånet skal nedbetalast i takt med utbetaling av spelemidlane til prosjektet maksimal løpetid for lånet er 5 år.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/17 BULYSTPROSJEKTET I HERØY OG ULSTEIN: RAPPORT FRÅ 2013 OG HANDLINGSPLAN FOR 2014**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Ulstein kommunestyre sluttar seg til handlingsplan 2014 for Bulystprosjektet.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/18 UTLENDINGSFORVALTNINGA PÅ SØRE SUNNMØRE**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

1. Ulstein kommunestyre viser til omlegging av ansvars- og oppgåvefordelinga i utlendingsforvaltninga for Ytre Søre Sunnmøre (Hareid, Herøy, Sande og Ulstein) der oppmøtestad for arbeidsinnvandrarar/tenesteytarar vart flytta frå Ulsteinvik i 2012 (skatteetaten) og frå 2013/2014 (politiet). Næringslivet i dette området har eit høgt tal registrering av nye arbeidstakarar kvart år.
2. Tilbakemelding frå næringsdrivande som nyttar utanlandsk arbeidskraft viser eintydig at målet om *reduisert saksbehandlingstid og auka brukarretting* som eit klart fleirtal i Stortinget var samde om ved behandlinga av St.melding nr. 18 (2007-2008) Arbeidsinnvandring, ikkje er nådd for vårt distrikt.
3. Krav om personleg frammøte både for registrering hos politiet og for å få gjennomført ID-kontroll , få skattekort (d-kort) eller fødselsnummer, kan med organiseringa no føre til mykje reisetid og venting i fleire runder. Elektronisk kommunikasjon og bestilling av tid for frammøte har ikkje fungert tilfredsstillande. I beste fall kan avklaring hos politi og skatteetat gjerast med ei dagsreise. For godt over 1000 nye arbeidstakarar kvart år og næringslivet her er dette kostbart.
4. Ulstein kommunestyre kan vanskeleg skjøne at valet om endra organisering som skatteetaten gjorde vart bygd på ei grundig vurdering slik det skulle, uttrykt i brev frå Finansdepartementet til Ulstein kommune v/ordførar 18.10.2013 : « Kor ID-kontora skal ligge har blitt avgjort ut frå omsynet til mellom anna det generelle samfunnsoppdraget, service og tilgjengelegheit for publikum og nærleik til politiet. Skatteetaten har tatt geografiske, demografiske og trafikale omsyn for å dekke kommunar og distrikt med stor innvandring og/eller stort behov for utanlandsk arbeidskraft, og har prioritert kontor som kan nås med offentleg kommunikasjon.» Flyttinga av 0,8 stillingsheimel frå det lokale politiet til Ålesund for behandling av utanlandssaker, kan kommunestyret forstå ut frå ønskje om styrking og spesialisering internt i politidistriktet og med sentralisering til Ålesund. For næringslivet på Søre Sunnmøre har dette likevel vore eit klart tilbakesteg.

5. Ulstein kommunestyre legg til grunn at for endringane som er gjort med ansvars- og oppgåvefordelinga for utanlandsforvaltninga har både skatteetaten og politiet handla etter og innanfor gjevne fullmakter frå departement og direktorat, og at dette heller ikkje i utgangspunktet er i strid med den nye regjeringa sine mål om å lette byråkrati ved arbeidsinnvandring og gjere ordningane meir publikumsvennleg. Då nyordninga for vårt område med særskilt stor arbeidsinnvandring kvar år ikkje syner seg tenleg, vil Ulstein kommunestyre på det sterkaste likevel be om at det blir gjort ei ny vurdering og at heile eller deler av denne forvaltninga/tenesta vert flytta tilbake til politi og skatteetat lokalisert i Ulsteinvik. denne forvaltninga/tenesta vert flytta tilbake til politi og skatteetat lokalisert i Ulsteinvik.

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

#### **PS 14/19 DETALJREGULERING FOR DELAR AV GNR. 34, BNR. 1, 4 OG 6 - NAUSTOMRÅDE I VÅGANE - HANDSAMING ETTER OFFENTLEG ETTERSYN**

#### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova, § 12-12, framlegg til detaljregulering for Naustområde i Vågane, PlanID 20130004, datert 17.10.2013.

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

#### **PS 14/20 REVISJON AV KOMMUNALE RETNINGSLINJER FOR TILDELING AV STARTLÅN OG BUSTADTILSKOT.**

#### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Ulstein kommunestyre godkjenner følgjande reviderte kommunale retningslinjer for startlån og bustadtilskot i Husbanken;

- Kommunale retningslinjer for startlån, daterte 14.02.2014.
- Kommunale retningslinjer for bustadtilskot til tilpassing og etablering i bustad, daterte 14.02.2014.

Reviderte retningslinjer vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

#### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

#### **PS 14/21 RISIKO OG SÅRBARHEITSANALYSE (BRANNORDNING) FOR ULSTEIN KOMMUNE - BRANNVERN 2014**

#### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**



Kommunestyret godkjenner Risiko- og sårbarhetsanalyse for Ulstein kommune – brannordning 2014, datert 14.02.14.

**Handsaming:**

Tilråding frå Teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

**PS 14/22 VAL AV UTBYGGINGSOMRÅDE FOR BUSTADTOMTER I DIMNA**

**Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Kommunestyret går inn for at det vert gjennomført tingingar med eigar av gnr. 33, bnr. 7 Nora Dimmen om kjøp av grunn til tomtefelt på Skulehaugane, område B 33 i kommuneplanen sin arealdel.

Dersom ikkje ein kjem til semje med Nora Dimmen, vert det teke opp tingingar med eigar av gnr. 32, bnr. 2 Bente Olsen og andre involverte grunneigarar om kjøp av grunn til tomtefelt på Trælstøylen, område B 35 i kommuneplanen sin arealdel. I dette tilfelle må det innleiingsvis avklarast kven som skal koste ei geologisk detaljvurdering for avklaring av faren for steinsprang og skred. Dette fordi det må klargjerast kven som skal bere risikoen for ein eventuell negativ konklusjon med tanke på om området kan byggjast ut.

**Handsaming:**

**Adm. endring:**

*Trendstøylen* vert retta til *Trælstøylen*.

**Røysting:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap med adm. endring vart vedteken 25 mot 0 røyster.

**PS 14/23 GANGVEG FRÅ STØYLESVINGEN - HØDDVOLLØMRÅDET, FINANSIERING**

**Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Kommunestyret finn ikkje å kunne ta opp lån og gjennomføre bygging av gang- og sykkelveg på strekninga Støylesvingen – Høddvollområdet i 2014.

Prosjektet vil bli vurdert på nytt i samband med økonomiplan- og budsjetthandsaminga for 2015 – 2018.

**Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

**PS 14/24 AUKA LÅNERAMME INVESTERINGAR VA 2014**

**Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Investeringsramma for VA (vatn/avløp) prosjekt 2014 vert auka med:

- 4,0 mill. kroner for vassforsyning
- 11,0 mill. kroner for avløp

Finansiering ved låneopptak.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Teknisk utval vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/25 GRUNNLAG FOR AVTALAR MED SMÅBÅTLAGA I KOMMUNEN**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Kommunestyret fastlegg desse prinsippa for leigeavtalar med småbåtlaga i kommunen:

1. Leigeperiode 10 år med høve til reforhandling etter 5 år om ein av partane krev det.
2. Areal- og eigedomsmessig ansvarsavklaring skal framgå.
3. Årleg leigesum skal vere 500 kroner pr. båtplass. For hamner som har eller som får auka sin kapasitet til over 100 plassar, vert satsen for plassane frå nr. 100 og oppover redusert til 400 kroner årleg. Leigesummane skal indeksregulerast årleg.
4. Viktige tekniske installasjonar må skildrast i avtalane.
5. Eventuell vasstilknytning må avklarast.
6. Rutinar for orden, reinhald og renovasjon skal inkluderast. Kvar hamn skal ha eit avfallsabonnement.
7. Formannskapet får fullmakt til å inngå avtalane.

Andre relevante moment for den einskilde hamn skal elles innarbeidast i avtalane.

Dei årlege leigeinntektene skal tilførast driftsbudsjettet til teknisk etat, ansvar 3030 hamnekassa.

### **Handsaming:**

#### **Nytt dokument i saka:**

Brev frå Eiksund Småbåtlag, datert 08.03.2014.

Brev frå Ulstein Småbåtlag, datert 12.03.2014.

#### **Røysting:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/26 OMSORGSBUSTADAR HOLSEKERDALEN, AUKA RAMME/FINSNIERING**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Kommunestyret vedtek at prosjektet «Omsorgsbustadar Halsekerdalen» får ny ramme for investeringskostnad med kr. 97.000.000. Omsorgsbasane for psykisk utviklingshemma i Prost Ankersgate og Vikebakkvegen vert overførte til omsorgsbustadane i Halsekerdalen. Når dei to nemnde omsorgsbustadane er avvikla skal begge eigedomane seljast til høgstbydande, og vinstane ved sal skal nyttast til dekking av kostnadsauken i prosjektet «Omsorgsbustadar Halsekerdalen».

Prosjektet vert i tillegg belasta for grunnkjøp, stipulert til kr. 6,5 million. Kostnaden vert dekt ved låneopptak, renter og avdrag vert innarbeidd i økonomiplan for 2015-2018.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/27 ØKONOMIREGLEMENT - REVIDERING 2014**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Ulstein kommunestyre godkjenner forslag til revidert økonomireglement slik det ligg føre med slike endringar:

#### **6.4 Godkjenning av investering**

Vedtak om investeringar eller vedtak om auka investeringsramme på eksisterande prosjekt kan berre gjerast av kommunestyret. Faste utval kan likevel auke kostnadsramma for eit prosjekt når dette vert finansiert ved reduksjon i eit anna prosjekt innanfor same driftsområde.

Når kommunestyret har vedteke investeringstiltaket kan arbeidet med forprosjekt setjast i gang for dei investeringar som har fått løyve.

Investeringar som berre er oppført i økonomiplanen har ikkje ei løyving. Løyvinga har berre dei investeringar som er innarbeidd i vedtatt årsbudsjett. For investeringar som går over fleire budsjettår er det berre løyve i samband med dei enkelte årsbudsjett. Dersom framdrift skulle gå raskare enn planlagt må det søkast tilleggsløyving i det gjeldande år.

Når ein vert klar over at eit prosjekt vanskeleg kan gjennomførast innanfor dei rammene som er løyvd, pliktar administrasjonen så snart som råd å ta opp saka.

#### **6.5 Avslutning av prosjekt**

Sluttrapport skal leggst fram for kommunestyret. Om prosjektet er gjennomført innanfor budsjettammene kan saka leggst fram som melding.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/28 FØRSTELINJETENESTE FOR ETABLERARRETTLEIING I ULSTEIN; NY ORDNING FOR HOPPID-KONTOR**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

1. Ulstein kommune inngår ny partnerskapsavtale med Møre og Romsdal fylke og Innovasjon Norge Møre og Romsdal om førstelinjeteneste for etablerarrettleiing; hoppid.no.
2. Kommunestyret godkjenner hovudtrekka i vedlagde avtaleutkast for etablerarrettleiing med Ålesund Kunnskapspark, som inneber at tenesta vert utført av lokal industriinkubator i Ulstein. Mindre justeringar i avtalen kan gjerast administrativt.
3. Fastbeløpet av kostnaden med tenesta, kr 50.000,- vert å dekke frå næringsfondet. Eventuell restkostnad vert dekt frå budsjettet til sentraladministrasjon i 2014, og for seinare å innarbeide i driftsbudsjettet.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

**PS 14/29 NY AVTALE MELLOM HELSE MØRE OG ROMSDAL, VOLDA SJUKEHUS OG ULSTEIN KOMMUNE - DRIFT AV LEGEVAKTSENTRAL OG NØDNETT HELSE VED HENVENDELSE PÅ NASJONAL LEGEVAKTSNUMMER 116 117**

**Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

1. Ulstein kommunestyre godkjenner ny avtale mellom Helse Møre og Romsdal HF, Volda sjukehus og Volda kommune, sluttforhandla i januar 2014, om drift av legevaktsentral og nødnett helse ved henvendelse på nasjonal legevakt nummer 116 117
2. Det er ein føresetnad for godkjenninga at likelydande vedtak blir gjort i dei øvrige 6 kommunane på Søre Sunnmøre.

**Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot røyster.

**PS 14/30 RESERVASJONSRETT FOR FASTLEGAR VED HENVISNING TIL ABORT-HØYRINGSUTTALE**

**Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

Ulstein kommunestyre meiner at framlegget frå Helse- og Omsorgsdepartementet om å utvide reservasjonsretten for fastlækjarar til også å gjelde tilvising til abort, vil kunne sette kvinner i ein vanskelegare situasjon enn no i møte med primærhelsetenesta.

Ulstein kommunestyre har respekt for den einskilde lækjar sitt ønskje om å reservere seg mot å tilvise til abort, men meiner at omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon veg tyngre enn omsynet til den einskilde fastlækjar, og ber difor om at Helse- og Omsorgsdepartementet sitt framlegg ikkje vert vedteke. Ulstein kommunestyre meiner eventuelle kriteria for reservasjonsmoglegheit for fastlækjarar må vere nasjonale.

**Handsaming:**

**Tilråding frå Ulstein formannskap:**

Ulstein kommunestyre meiner det må vere mogleg å arbeide som fastlege sjølv om ein på grunn av etisk overbevising ikkje vil tilvise til abort. Den lokale helsetenesta må da vere organisert slik at kvinnene utan problem får hjelp til å få utført sin lovbestemte rett til sjølvbestemt abort.

Kriteria for når ein lege kan fritakast for å tilvise til abort, bør vere nasjonale og ikkje opp til kvar einskild kommune. Kommunestyret viser elles til kommentarane i saksutgreiinga.

**Framlegg frå Aase Ulla og Pål Grødahl (V):**

Kriteria for om ein lege kan fritakast for å tilvise til abort, bør vere nasjonale og ikkje opp til kvar einskild kommune.

Ulstein kommunestyre meiner helsetenesta i første rekke må ta omsyn til kvinna.

Kommunestyret har respekt for enkelte legars ønskje om å reservere seg mot å tilvise til abort, men finn at ein pasient sine rettigheter til øyeblikkeleg oppfølging veg tyngst. Kommunestyret støttar difor ikkje regjeringa si opning for reservasjonsmoglegheit for legar.

*Gruppemøte under matpausen.*

**Framlegg frå Renathe Rossi-Kaldhol (AP), Heidi Strand (H) og Lisa Mari Breivik Anderson (SP):**

Ulstein kommunestyre meiner at framlegget frå Helse- og Omsorgsdepartementet om å utvide reservasjonsretten for fastlækjarar til også å gjelde tilvising til abort, vil kunne sette kvinner i ein vanskelegare situasjon enn no i møte med primærhelsetenesta.

Ulstein kommunestyre har respekt for den einskilde lækjar sitt ønskje om å reservere seg mot å tilvise til abort, men meiner at omsynet til kvinner i ein sårbar situasjon veg tyngre enn omsynet til den einskilde fastlækjar, og ber difor om at Helse- og Omsorgsdepartementet sitt framlegg ikkje vert vedteke. Ulstein kommunestyre meiner eventuelle kriteria for reservasjonsmoglegheit for fastlækjarar må vere nasjonale.

**Røysting:**

1. Tilrådinga frå Ulstein formannskap fekk 6 røyster og fall.
2. Framlegget frå Renathe Rossi-Kaldhol (AP), Heidi Strand (H) og Lisa Mari Breivik Anderson (SP) vart vedteken med 17 mot 8 røyster.
3. Framlegget frå Aase Ulla og Pål Grødahl fekk 2 røyster og fall.

**PS 14/31 ADMINISTRATIV ORGANISERING - JUSTERINGAR 2014**

**Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

- 1) Kommunestyret tek til vitande justeringane rådmannen gjer i administrativ organisering av kommunen innanfor vedtekne heimelsrammer:
  - vertskommuneansvaret for prosjekta VIT og prosjekt etablering interkommunalt barnevern opphøyrer, dermed også vertskommuneavtalane
  - restoppgåver ved overgang til minimumsløysing NAV vert overført servicetorget, inkl. 30% heimel
  - ungdomskulturarbeidet vert styrka med 20% heimel for styrking av førebyggjande arbeid for ungdom.
  - Kulturavdeling skal rapportere direkte til rådmann ut 2017 på grunn av store føreståande prosjekt med betydeleg kommersielt tilsnitt
- 2) Kommunestyret meiner at ordninga med politisk sekretariat vert å evaluere som ein del av arbeidet med politisk struktur for neste kommunestyreperiode.
- 3) Rådmannen får mynde til å flytte budsjetterrammer knytt til heimlane frå NAV til Servicetorget, og frå NAV til Ungdomsklubben Bell.

**Handsaming:**

**Framlegg frå KrF:**

(tillegg i pkt. 2 i tilrådinga frå Ulstein formannskap):  
Politisk struktur må vere klarlagt i løpet av 2014.

**Framlegg frå ordførar Jan Berset:**

Kommunestyret tek til vitande justeringane rådmannen gjer i administrativ organisering av kommunen innanfor vedtekne heimelsrammer:

- vertskommuneansvaret for prosjekta VIT og prosjekt etablering interkommunalt barnevern opphører, dermed også vertskommuneavtalane
- restoppgåver ved overgang til minimumsløysing NAV vert overført servicetorget, inkl. 30% heimel
- ungdomskulturarbeidet vert styrka med 20% heimel for styrking av førebyggjande arbeid for ungdom.
- Kulturavdeling skal rapportere direkte til rådmann ut 2017 på grunn av store føreståande prosjekt med betydeleg kommersielt tilsnitt

Kommunestyret godkjenner elles at politisk sekretariat vert integrert i servicetorget, underlagt rådmann. Folkevalde skal som før sikrast nødvendig bistand i sitt arbeid. Rådmann får mynde til å flytte budsjетtrammer knytt til heimlane frå Folkevalde og NAV til Servicetorget, og frå NAV til Ungdomsklubben Bell.

#### **Framlegg frå Ulstein Framstegsparti:**

1. Kommunestyret tek til vitande justeringane rådmannen gjer i administrativ organisering av kommunen innanfor vedtekne heimelsrammer:

- vertskommuneansvaret for prosjekta VIT og prosjekt etablering interkommunalt barnevern opphører, dermed også vertskommuneavtalane
- restoppgåver ved overgang til minimumsløysing NAV vert overført servicetorget, inkl. 30% heimel
- ungdomskulturarbeidet vert styrka med 20% heimel for styrking av førebyggjande arbeid for ungdom.
- rådmannen får mynde til å flytte budsjетtrammer knytt til heimlane frå NAV til Servicetorget, og frå NAV til Ungdomsklubben Bell.

2. Kommunestyret ber om at sak om justert organisering av politisk sekretariat vert lagt fram for kommunestyret (Politisk struktur). Saka skal gi tilstrekkelige opplysningar om korleis sekretariatfunksjonen skal sikrast ved ei samordning med servicetorget.

3. Kommunestyret ber om at sak om framtidig organisering av Oppvekst og kulturområdet vert lagt fram. Saka skal synleggjere ressursbehov og organisering av etaten når dei vedtekne utbyggingane er gjennomførte.

#### **Framlegg frå ordførar Jan Berset:**

(nytt pkt. 3)

Rådmannen får mynde til å flytte budsjетtrammer knytt til heimlane frå NAV til Servicetorget, og frå NAV til Ungdomsklubben Bell.

#### **Røysting:**

1. Framlegget frå ordførar Jan Berset fekk 8 røyster og fall.
2. Framlegget frå FrP fekk 9 røyster og fall.
3. Tilrådinga frå Ulstein formannskap pkt. 1 vart vedteke med 21 mot 4 røyster.
4. Tilrådinga frå Ulstein formannskap pkt. 2 vart vedteke med 13 mot 12 røyster.
5. Framlegget frå KrF fekk 7 røyster og fall.
6. Framlegget (nytt pkt. 3) frå ordførar Jan Berset vart vedteke med 25 mot 0 røyster.

## **PS 14/32 OPPREISINGSORDNING FOR TIDLEGARE BARNEVERNSBARN**

### **Vedtak i Ulstein kommunestyre, 13.03.2014:**

1. Ulstein kommunestyre vedtek å vere med på ei slik felles oppreisningsordning som er oversend til høyring frå KS Møre og Romsdal, med endring i opplegget som går fram her.
2. Ulstein kommunestyre meiner at kostnader med etablering og drift av ordninga skal dekkast med skjønnsmidlar frå fylkesmannen.
3. Ordninga skal gjelde born som barnevernet i Ulstein hadde overteke omsorga for og vedteke å plassere i barneheim eller spesialskule i perioden 1954-1980.
4. Oppreisningsbeløpet skal ikkje vere høgre enn 400 000 kroner.
5. Erstatning frå Stortinget si rettferdsvederlagsordning skal trekkast ifrå.
6. Ulstein kommunestyre sitt avslag på søknader om oppreisningserstatning i 2010 kan ikkje handsamast på nytt i denne ordninga.
7. Ulstein kommunestyre føreset at saka vert sendt attende til ny behandling dersom vedtektene ikkje kan sameinast med punkta i vedtaket her.

### **Handsaming:**

Tilrådinga frå Ulstein formannskap vart vedteken med 25 mot 0 røyster.

-----o-----

Link vert sendt til:

1. Kommunestyret
2. Rådmannen
3. Ass. rådmann
4. Kommunalsjefane
5. Mellomleiarane
6. Servicetorget
7. Kommunerevisoren
8. VK v/Jostein Støylen
9. Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune  
Politisk sekretariat, 13.03.2014.

Marianne Hatløy  
politisk sekretær